

---

998604613

JOHNNY YSTEBØ

<b>Mobilnummer</b>	<b>E-postadresse</b>
465 32 485	ystebojohnny@gmail.com

**Kontonummer** \*\*\*\* \*\* 57455

<b>Vedtaksdato</b>	<b>Vedtaket er gjort av</b>	<b>Søknadsdato</b>	<b>Vår referanse</b>
10.12.2022	Alver kommune	23.11.2022	2022/8456, Agros 212529

## **Vedtak om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket – Inngjerding av gammelt beiteområdet g/bn 499/8**

---

**Samandrag:** Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 70 000 kroner i tilskot til JOHNNY YSTEBØ til Inngjerding av gammelt beiteområdet g/bn 499/8. Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 25.12.2025.

---

Alver kommune viser til søknad av 23.11.2022.

### **Bakgrunn i saka**

JOHNNY YSTEBØ sökte om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket 23.11.2022. Du søker om totalt 110 000 kroner i tilskot for tiltak perioden 01.01.2023-01.08.2024. Totalt kostnadsoverslag for tiltaket har du utrekna til 180 000 kroner.

Søker ber om tilskot til å gjerde inn og rydde eit eldre beite som i dag er i sterkt attgroatning for å nytte dette som heilårsbeite til småfe og andre husdyr

### **Grunngjeving for vedtaket**

Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet i jordbruket og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som kan ventast gjennom vanleg jordbruksdrift, jf. [forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket](#) (SMIL-forskriften) § 1.

Ein kan innvilge tilskot til føretak som oppfyller vilkåra i forskrift av 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket § 2 og § 3 eller § 4.

Tilskot kan også ges til eigar av landbrukseigedom dersom det går føre seg ein produksjon på landbrukseigedomen som oppfyller vilkåra for tilskot etter forskrifta som nemnt over. Om du sjølv ikkje eig landbrukseigedomen tiltaket skal gjennomførast på, må det ligge føre løyve frå eigar til gjennomføring av prosjekt eller tiltak som nemnt i SMIL-forskrifta § 4 og § 5.

Søkaren må også oppfylle vilkår i forskrift av 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging. Det skal også førast journal over korleis plantevernmiddel som blir brukte, med opplysningar som nemnt i SMIL-forskrifta § 3 tredje ledd.

Søknaden er vurdert etter prinsippa i naturmangfaldlova §§8-12, jf. §7. Landbruksavdelinga har gjennomgått artskart og naturbase, og etter ei samla vurdering komme fram til at det omsøkte tiltaket ikkje er i strid med prinsippa i §§8-12 i naturmangfaldlova.

Administrasjonen meiner at tiltaket er i tråd med SMIL-ordninga sitt formål jf. Forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket §1.

Arealet står definert som skog i kartet men gamle kart syner at det har vore gammal kulturmark. Det er ein gammal husmannsplass med 3 steinhus, 1 eldhus og steingarder inne på området. Ved å ta i bruk arealet til beite vil desse kulturmiljøa vere synlege i terrenget og for allmenta. Det har blitt gjort mykje arbeid med rydding på arealet som vil halde fram etter at det har blitt gjerda inn. Dette vil gi eit beiteareal på ca 114 daa. Det er positivt at arealet er stort når ein ønsker å bruke det som heilårsbeite med tanke på næringstilgong, trakkskadar på beite og smittepress. Søker ønsker å skjøtte arealet slik at lyngen reetablerer seg for å bli et godt vinterbeite for småfe. Det er planlagt å bruke beitet til heilårs utegangardrift med småfe, men det kan òg nyttast til storfe.

Kommunen nyttar standard sats for kostnad til gjerding på kr 80 per løpemeter. Standard sats for kostnad til beiterydding er inntil kr 3000

Godkjent kostnadsoverslag:

Type aktivitet	Sum
Gjerding 1000m, 80 kr/m	80 000
Beiterydding 20 daa, 3000 kr/daa	60 000
<b>Sum kostnadsoverslag:</b>	<b>140 000</b>
<b>Sum tilskot (inntil 50% av kostnadsoverslag)</b>	<b>70 000</b>

Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 70 000 kroner i tilskot.

### Vilkår for tilskotet

Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 25.12.2025. Dersom du ikkje overheld fristen, fell tilskotet vekk.

Innvilging av tilskot inneber ikkje at tiltaket er godkjent etter anna regelverk, som til dømes plan- og bygningslova, kulturminnelova, naturmangfaldlova, vassressurslova eller forureiningsforskrifta. Du må sjølv skaffe deg slike løyve dersom det trengs, og dette må du gjere før du går i gang med tiltaket du no har fått tilskot til.

Frist for gjennomføringa av tiltaka er sett til inntil tre år frå tildeling.

Det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfrist i inntil to år ut frå skriftleg grunngjeving, seinast ein månad før oppsett frist går ut.

Gjerde skal vera permanent med gjerdenot, toppstreng og bendsletråd.

Området skal nyttast til beite i minimum 10 år frå løyving.

Løyvd tilskot kan trekkjast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

### Rapportering og utbetaling

Når tiltaket er gjennomført, må du sende inn dokumentasjon på at tiltaket er gjennomført etter dei vilkåra som er sett i dette brevet. Du skal rapportere om måloppnåing og bruken av tilskottet slik rapporteringsskjemaet angir.

Sluttrapport skal innehalda rapporteringsskjema, timeliste, foto av utført tiltak og eventuelt bilag på innkjøpt forbruksmateriell (bensin, sagkjedeolje og liknande).

Alver kommune betaler ut det innvilga tilskotet etter at du skriftleg har bede om det, og når vi har godkjent rapport og sluttrekneskapen for prosjektet eller tiltaket. Du kan be om utbetaling digitalt via Altinn.

For eitt-årige eller mindre prosjekt skal utbetalinga som hovudregel skje etter at prosjektet er avslutta. For fleirårige tilskot kan det vere aktuelt å betale ut delar underveis i prosjektperioden. Delar av tilskotet kan utbetala etter kvart som du godtgjer framdrift i gjennomføring av tiltaket og vi har godkjend rapporteringa. Minst 25 prosent av tilskotet blir halde attende til tiltaket er fullført og sluttrapporteringa er godkjend.

Landbruksdirektoratet sitt rapporteringsskjema for eingongstiltak/investeringsstiltak skal fyllast ut og leggast ved når du ber om del- og sluttutbetaling. [Bruk denne malen](#)

Godkjent kostnadsoverslag for tiltaket er 140 000 kroner. Utbetal tilskot kan ikke overstige 50 % av godkjende kostnader for å utføre tiltaket. Dersom kostnaden for å utføre tiltaket er lågare enn godkjent kostnadsoverslag kan tilskotsbeløpet bli justert ned.

## Kontroll

Kommunen, statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet kan gjere kontroll etter SMIL-forskrifta § 9.

## Omgjering, tilbakebetaling og motrekning

Vedtak om innvilga tilskot kan bli gjort om og utbetal tilskot kan bli kravd betalt tilbake etter SMIL-forskrifta § 10 dersom det blir avdekka tilhøve som er i strid med det som er føresett ved innvilging av tilskotet.

## Klagerett

Du kan klage på dette vedtaket til Statsforvalteren i Vestland. Send klag til Alver kommune. Vi vil sende saka vidare til Statsforvalteren i Vestland dersom vi ikke gjer om vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at du har motteke dette brevet, jf. forvaltingslova § 29. Du kan også be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltingslova § 18 og § 19.

## Meir informasjon

På [nettsidene til Landbruksdirektoratet](#) kan du finne meir informasjon om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Med helsing  
for Alver kommune

Saksbehandla av: Maya Greve  
Godkjend av: Laila Bjørge